



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 20.11.2025
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00
Møtestad: Formannskapssalen

Frammøtte	Parti
Linda Katrine Gangstad Nordli	AP
Eivind Brenna	BL
Frode Rolandsgard	SP
Gerd Nanti Vika Helle	SP
Haldor Ødegård	SP

Møtenotater:

Informasjon frå ordførar

- Beredskapsøving - 11.november
- Eigarstrategi Valdres Energi AS

Informasjon frå kommunedirektør

- Status investeringsprosjekter
 - Det vart informert om status i framdrifta til dei større investeringsprosjekta som er i investeringsbudsjettet for 2025. Basishall, Sentrumstiltak Slidrevegen, Vaset vassverk, Vaset reinseanlegg m.fl.
- Trafikksikker kommune
 - Vestre Slidre kommune er regodkjend som trafikksikker kommune for perioda 2026-2029.
- Veterinæravtale
 - Det er einigheit om ny avtale om veterinæravtalt med verknad frå 1.1.26.
- Implementering av nytt ERP-system - økonomi og personalsystem
 - Implementering har gått knirkefritt og økonomi- og personalsystem er no skybasert.
- Ombygging lokalar NAV – Fagernes
 - NAV bygger om sine lokalar på Fagernes i ein seks månaders periode frå 1.desember 2025. Tilbod blir oppretthalde i andre lokalar i same bygg i ombyggingsperioda.
- Midlar frå fylkeskommunen og sparebankstifelsen DNB til Eldvegen-prosjektet inkl basishall
 - Det er innvilga midlar til Eldvegen-prosjektet og nokre særskilte tiltak i basishallen frå fylkeskommunen og Sparebankstiftelsen DNB.
- Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
 - Kommunen blir oppmoda om å busette 15 flyktningar i 2026.

Spørsmål til ordførar

Spm frå Eivind Brenna, (BL)

Inklu - bør kommunen ta initiativ til deltaking i prosjektet Inklu?

Svar: Vi ser korleis prosjektet og tankegangen bak kan bli innarbeid i kommunalt planverk og implementert i kommunal aktivitet.

Spm frå Eivind Brenna, (BL)

Er det mogleigheiter for å få til bueiningar for å prøvebu?

Svar: Det kan kanskje være moglegheit å få til noko ved ev utbygging av gml sjukeheimen eller andre bustadprosjekt i kommunen.

Spm Frode Rolandsgard (SP)

Fleire kommunestyrerepresentantar er med i fjellstyret og det er møte i fjellstyresambandet på same tid som kommunestyremøtet i juni. Er det mogleg å flytte kommunestyremøtet 11-12.juni?

Svar: Saken blir teke opp på kommunestyremøtet 11.desember.

Spm Frode Rolandsgard (SP)

Det er i prosess ein delingssak knytt til eit gardsbruk mellom anna grunngjeve i bruksrasjonalisering. Blir denne saken handsama delegert eller blir det ei politisk handsaming?

Svar på dette spørsmålet blir gjeve i kommunestyremøtet 11.desember.

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

049/25	Godkjenning av innkalling og møteprotokoll fra forrige møte
050/25	Gbnr. 94/1/1214 - Saksframlegg - Takvinkel
051/25	Gbnr. 94/1/360/0 - Saksframlegg - Klage på formannskapetets vedtak
052/25	Handlings- og økonomiplan 2026-2029 - handsaming i formannskapet
053/25	Søknad - kraft- og næringsfond - Lisjordetstølen
054/25	Nye retningslinjer kommunal pris- frå 2025
055/25	Kommunal pris 2025 - tildeling
056/25	Søknad om tilskot til bustadbygging ny bustad – Jordheimsvegen 115, gnr. 61, bnr. 50
057/25	Samlesak for delegerte saker

049/25 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll fra forrige møte

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 049/25 Vedtak:

Innkalling og protokoll frå førre møte godkjend

050/25 Gbnr. 94/1/1214 - Saksframlegg - Takvinkel

Forslag til vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 avslår Vestre Slidre formannskap søknaden om dispensasjon frå reguleringsføresegn 2b for gbnr. 94/1/1214 i Vaset alpinområde.

Omsyna bak føresegna blir vesentleg tilsidesett, og fordelane ved tiltaket veg ikkje klart tyngre enn ulempene.

Det omsøkte taket kan skape presedens for framtidige søknader innanfor same planområde.

Formannskapet viser til kommunestyret si drøfting om alternativ byggeskikk, og oppmodar tiltakshavar om å søkje mindre reguleringsendring for aktuelt felt, slik at spørsmålet om takform og bygg på søyler kan vurderast planfagleg og heilskapleg.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 050/25 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 avslår Vestre Slidre formannskap søknaden om dispensasjon frå reguleringsføresegn 2b for gbnr. 94/1/1214 i Vaset alpinområde.

Omsyna bak føresegna blir vesentleg tilsidesett, og fordelane ved tiltaket veg ikkje klart tyngre enn ulempene.

Det omsøkte taket kan skape presedens for framtidige søknader innanfor same planområde.

Formannskapet viser til kommunestyret si drøfting om alternativ byggeskikk, og oppmodar tiltakshavar om å søkje mindre reguleringsendring for aktuelt felt, slik at spørsmålet om takform og bygg på søyler kan vurderast planfagleg og heilskapleg.

051/25 Gbnr. 94/1/360/0 - Saksframlegg - Klage på formannskapets vedtak

Forslag til vedtak

Formannskapet oppretthaldar sitt tidlegare vedtak i sak 25/5319 av 02.10.2025 om å avslå søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 2.2.3.1-2 vedrørande taktekking på gbfnr 94/1/360.

Formannskapet finn at omsyna bak føresegna om tradisjonell taktekking i stølsområde blir vesentleg tilsidesett ved bruk av bølgjeblikk. Planføresegna er tydeleg på at taktekking skal utførast med materialar som torv, skifer, tre, shingel eller solceller med liknande uttrykk.

Bruk av ståltekking vil etter formannskapetets vurdering kunne svekkje planverket som styringsreiskap og bidra til gradvis endring av området tradisjonelle byggeskikk.

Klagen gir ikkje nye moment som tilseier endra vurdering.

Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Alternativt forslag, foreslått av Linda Katrine Gangstad Nordli, Arbeiderpartiet
Formannskapet imøtekommer klaga og gjev dispensasjon frå føresegn om taktekking i kommuneplanens arealdel.

Dersom tomte hadde vore ubebygd eller eksisterande bygningar hadde hatt eit anna taktekke, ville kommunen vurdert tiltaket annleis. I denne saka vurderast det som sentralt at det alt står bygningar med blikktak på tomte, og at vidareføring av dette taktekket ikkje inneber ei vesentleg endring i det kulturhistoriske miljøet eller landskapet.

Faren for presedensverknad vert vurdert som avgrensa, sidan det her er tale om ei vidareføring av eksisterande situasjon på tomte, og ikkje innføring av ein ny tekkepraksis i området. Kommunen meiner at eventuell presedensproblematikk må handterast gjennom framtidige reguleringsprosessar.

3 røyster for forslag til vedtak

2 røyster for Gangstad Nordli sitt forslag

FS - 051/25 Vedtak:

Formannskapet oppretthaldar sitt tidlegare vedtak i sak 25/5319 av 02.10.2025 om å avslå søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 2.2.3.1-2 vedrørande taktekking på gbfnr 94/1/360.

Formannskapet finn at omsyna bak føresegna om tradisjonell taktekking i stølsområde blir vesentleg tilsidesett ved bruk av bølgjeblikk. Planføresegna er tydeleg på at taktekking skal utførast med materialar som torv, skifer, tre, shingel eller solceller med liknande uttrykk.

Bruk av ståltekking vil etter formannskapetets vurdering kunne svekkje planverket som styringsreiskap og bidra til gradvis endring av området tradisjonelle byggeskikk.

Klagen gir ikkje nye moment som tilseier endra vurdering.

Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

052/25 Handlings- og økonomiplan 2026-2029 - handsaming i formannskapet

Forslag til vedtak:

Formannskapet legg det vedlagte årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026 - 2029 fram for kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:

1) Årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 blir vedteke slik det går fram av vedlagte dokument.

2) Investeringsbudsjettet for Vestre Slidre kommune for 2026 vert godkjent med ei totalt ramme på kr 84 087 500, med eit nytt låneopptak på inntil kr 65 850 000.

3) Vanleg skatt på inntekt og formue i 2026 vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.

4) Nye satsar for eigenbetaling/gebyr blir i samsvar med vedlagt gebyrhefte til økonomiplanen for 2026-2029.

- Gebyr der Stortinget fastsett sats, skal Vestre Slidre kommune nytta maksimal sats.

5) Vatn og avløp skal vera 100% finansiert som sjølvkost. Dersom det ikkje er midlar på fond til å dekkja årsunderskotet skal underskotet framførast til dekking seinare år.

6) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt for fast eigedomar i heile kommunen, med følgjande vilkår:

Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7,0 promille jf eigedomsskattelova §11. Differensiert skattesats for bustader og fritidsbustader vert sett til 2,0 promille jf eigedomsskattelova §§ 11 og 12a. Differensiert sats for ubebygde grunneigedomar/tomert vert sett til 1,5 promille jf eigedomsskattelova § 12b. Jf kommunestyresak 012/25.

I tillegg til eigedomar nemnt i § 5 i eigedomsskattelova, vedtek kommunestyret fritak for eigedomsskatt i 2026 for eigedomar nemnt i § 7 a-d. Dette gjeld eigedomar til lag og foreiningar (§ 7a), bygningar som har historisk verdi (§ 7b), fritak for bustadeigedomar oppført etter 01.01.2016 i 10 år etter dato for ferdigattest (§ 7 c), samt eigedomar i visse deler av kommunen (§ 7d).

Takstvedtektene for eigedomsskatt i Vestre Slidre kommune vedtekne i kommunestyret 13.09.2013 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jmf eigedomsskattelova § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i to eller fleire terminar, jmf eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

nytt punkt 7-Næring og kraftfond, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet

Forslag: Formannskapet ber kommunedirektør implementere ks vedtak av mai 2025- KS 28/25 om å styrke kraft og næringsfondet med 1 mill, før Handlings-og økonomiplan 2026-2029 kjem til kommunestyrehandsaming.

FS ber om gjennomgang av vedtekter for fondet for bruk i budsjettsamanheng

nytt punkt 8-Va utbygging i andre kommunar, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet
Formannskapet ynskjer meir opplysning om budsjettert Va utbygging i andre kommunar utført av Vestre Slidre kommune, fram til slutthandsaming i kommunestyret. Det går på korleis dette verker inn sjølvkost, anleggsbidrag frå utbyggjar, kapasitet og for eige kommune.

nytt punkt 9, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet

Støtte til skiløyper blir auka med kr 80 000

Nytt punkt 10, foreslått av Linda Katrine Gangstad Nordli, Arbeiderpartiet

Formannskapet kutter utgifter til bespisning til politiske møter.

Nytt punkt 11, foreslått av Linda Katrine Gangstad Nordli, Arbeiderpartiet

Formannskapet ønsker at 9.klasse ved Vestre Slidre skole skal gjennomføre tur til Fondsbu.

Kostnad til tur legges derfor tilbake i budsjettet.

Nytt punkt 12, foreslått av Linda Katrine Gangstad Nordli, Arbeiderpartiet

Formannskapet ber om at administrasjonen, i dialog med barnehagene, gjør en vurdering om matpenger i barnehagene bør økes.

Forslag til vedtak: 1-6 Samrøystes (5)

Punkt 7 Samrøystes (5)

Punkt 8 Samrøystes (5)

Punkt 9 Samrøystes (5)

Punkt 10 2 for 3 mot

Punkt 11 4 for 1 mot

Punkt 12 4 for 1 mot

Samla avrøysting samrøystes (5)

Nummerering av punkta vart endra etter at et av forslaga ikkje vart vedteke.

FS - 052/25 Vedtak:

Formannskapet legg det vedlagte årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026 - 2029 fram for kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:

1) Årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 blir vedteke slik det går fram av vedlagte dokument.

2) Investeringsbudsjettet for Vestre Slidre kommune for 2026 vert godkjent med ei totalt ramme på kr 84 087 500, med eit nytt låneopptak på inntil kr 65 850 000.

3) Vanleg skatt på inntekt og formue i 2026 vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.

4) Nye satsar for eigenbetaling/gebyr blir i samsvar med vedlagt gebyrhefte til økonomiplanen for 2026-2029.

- Gebyr der Stortinget fastsett sats, skal Vestre Slidre kommune nytta maksimal sats.

5) Vatn og avløp skal vera 100% finansiert som sjølvkost. Dersom det ikkje er midlar på fond til å dekkja årsunderskotet skal underskotet framførast til dekking seinare år.

6) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt for fast eigedomar i heile kommunen, med følgjande vilkår:

Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7,0 promille jf eigedomsskattelova §11.

Differensiert skattesats for bustader og fritidsbustader vert sett til 2,0 promille jf eigedomsskattelova §§ 11 og 12a. Differensiert sats for ubebygde grunneigedomar/tomert vert sett til 1,5 promille jf eigedomsskattelova § 12b. Jf kommunestyresak 012/25.

I tillegg til eigedomar nemnt i § 5 i eigedomsskattelova, vedtek kommunestyret fritak for eigedomsskatt i 2026 for eigedomar nemnt i § 7 a-d. Dette gjeld eigedomar til lag og foreiningar (§ 7a), bygningar som har historisk verdi (§ 7b), fritak for bustadeigedomar oppført etter 01.01.2016 i 10 år etter dato for ferdigattest (§ 7 c), samt eigedomar i visse deler av kommunen (§ 7d).

Takstvedtektene for eigedomsskatt i Vestre Slidre kommune vedtekne i kommunestyret 13.09.2013 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jmf eigedomsskattelova § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i to eller fleire terminar, jmf eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.

7) Formannskapet ber kommunedirektør implementere ks vedtak av mai 2025- KS 28/25 om å styrke kraft og næringsfondet med 1 mill, før Handlings-og økonomiplan 2026-2029 kjem til kommunestyrehandsaming.

FS ber om gjennomgang av vedtekter for fondet for bruk i budsjettsamanheng

8) Formannskapet ynskjer meir opplysning om budsjettet Va utbygging i andre kommunar utført av Vestre Slidre kommune, fram til slutthandsaming i kommunestyret. Det går på korleis dette verker inn sjølvkost, anleggsbidrag frå utbyggjar, kapasitet og for eige kommune.

9) Støtte til skiløyper blir auka med kr 80 000

10) Formannskapet ønsker at 9.klasse ved Vestre Slidre skole skal gjennomføre tur til Fondsbu. Kostnad til tur legges derfor tilbake i budsjettet.

11) Formannskapet ber om at administrasjonen, i dialog med barnehagene, gjør en vurdering om matpenger i barnehagene bør økes.

053/25 Søknad - kraft- og næringsfond - Lisjordetstølen

Forslag til vedtak:

Formannskapet løyver eit tilskot på kr 50 000 til Lisjordetstølen. Tilskotet skal dekke kostnader knytt til tilrettelagt utedo og overnattingsmodul. Tilskotet er finansiert av kraft- og næringsfondet.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 053/25 Vedtak:

Formannskapet løyver eit tilskot på kr 50 000 til Lisjordetstølen. Tilskotet skal dekke kostnader knytt til tilrettelagt utedo og overnattingsmodul. Tilskotet er finansiert av kraft- og næringsfondet.

054/25 Nye retningslinjer kommunal pris- frå 2025

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek nye retningslinjer for kommunal pris slik dei er lagt fram og med eventuelle endringar som kom fram i møtet.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Forslag til justering /supplement til dei nye retningslinjene., foreslått av Gerd Nanti Vika Helle, Senterpartiet

1. avsnitt: Det skal kvart år delast ut **minst** ein (årleg) pris til eldsjeler og / eller personar som har peika seg ut på ein positiv måte.

2. avsnitt: Det kan vere ein kultur / **idretts**pris,.....

6. avsnitt: **Dersom det blir nominert mange kandidatar kan formannskapet velge å dele ut to prisar same år, men dei må kome frå ulike kategoriar.**

Formannskapet vel kva **pris / prisar** det skal vere.....

Samrøystes (5)

FS - 054/25 Vedtak:

Formannskapet vedtek nye retningslinjer for kommunal pris slik dei er lagt fram og med endringar som kom fram i møtet:

1. avsnitt: Det skal kvart år delast ut **minst** ein (årleg) pris til eldsjeler og / eller personar som har peika seg ut på ein positiv måte.

2. avsnitt: Det kan vere ein kultur / **idretts**pris,.....

6. avsnitt: **Dersom det blir nominert mange kandidatar kan formannskapet velge å dele ut to prisar same år, men dei må kome frå ulike kategoriar.**

Formannskapet vel kva **pris / prisar** det skal vere.....

055/25 Kommunal pris 2025 - tildeling

Forslag til vedtak:

Kommunal pris for 2025 for Vestre Slidre kommune vert tildelt.....

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 055/25 Vedtak:

Kommunal pris for 2025 for Vestre Slidre kommune vert tildelt..... (blir offentliggjort når tildeling er formidla til prisvinnar)

056/25 Søknad om tilskot til bustadbygging ny bustad – Jordheimsvegen 115, gnr. 61, bnr. 50

Forslag til vedtak:

Formannskapet innvilgar søknaden, jf. vedteken tilskotsordning i kommunestyrets vedtak i sak 011/22 på desse vilkåra:

1. Tilskot blir gjeve på 5% av utgiftene, avgrensa opp til kr. 150.000.
2. Det er eit krav at tomta lovleg kunne byggjast på i samsvar etter plan- og bygningsloven.
3. Alle tiltak det blir gjeve stønad til, må vera i samsvar med gjeldande reglar etter plan- og bygningslova og gjeldande forskrifter.
4. Det skal være omsyn til klima og miljø etter relevante reglar, (utsleppsløyve mv) og bygget skal være tilrettelegging for ulike alders- og befolkningsgrupper etter gjeldande krav til universell utforming.
5. Tilskota nemnt i pkt. 1 og 2 blir utbetalt når ferdigattest er gjeve. Ferdigattest og dokumentasjon på at vilkåra her er elles er oppfylte må sendast kommunen saman med oppmoding om utbetaling.
6. Dersom søkjar har gjeve uriktige opplysingar i søknaden om tilskot, kan kommunen krevje tilskotet betalt attende.

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 056/25 Vedtak:

Formannskapet innvilgar søknaden, jf. vedteken tilskotsordning i kommunestyrets vedtak i sak 011/22 på desse vilkåra:

1. Tilskot blir gjeve på 5% av utgiftene, avgrensa opp til kr. 150.000.
2. Det er eit krav at tomta lovleg kunne byggjast på i samsvar etter plan- og bygningsloven.
3. Alle tiltak det blir gjeve stønad til, må vera i samsvar med gjeldande reglar etter plan- og bygningslova og gjeldande forskrifter.

4. Det skal være take omsyn til klima og miljø etter relevante reglar, (utsleppsløyve mv) og bygget skal være tilrettelegging for ulike alders- og befolkningsgrupper etter gjeldande krav til universell utforming.
5. Tilskota nemnt i pkt. 1 og 2 blir utbetalt når ferdigattest er gjeve. Ferdigattest og dokumentasjon på at vilkåra her er elles er oppfylte må sendast kommunen saman med oppmoding om utbetaling.
6. Dersom søkjar har gjeve uriktige opplysingar i søknaden om tilskot, kan kommunen krevje tilskotet betalt attende.

057/25 Samlesak for delegerte saker

20.11.2025 Formannskapet

Behandling

Samrøystes (5)

FS - 057/25 Vedtak:

Delegerte saker tas til etterretning.